



Til  
Statens vegvesen Region Vest

Firmapost-vest@vegvesen.no

4 mai 2018

## Tunnelstengningar på E16 Bergen – Lærdal.

For å møta krava i EUs tunneldirektiv må 22 tunnelar mellom Bergen og Lærdal oppgraderast, og kani tur og orden verta nattestengte fram mot 2022.

Lys, ventilasjon og elektriske anlegg skal byttast ut, det må etablerast fleire havarilommer og branntryggleiken skal oppjusterast.

Det vert ikkje oppstart av ny E16 og Vossabane i fyrste periode av nasjonal Transportplan (NTP). Tidlegast oppstart vert difor 2024. Difor må ein no og i åra framover rusta opp eksisterande veg. Mange av tunnelane har vore skilta med «Tunnelen manglar lys» og det er hengt opp kjeder med enkle lykter langs tunnelvegg eller -tak (fjøslykter).

Stamvegutvalet for E16 er glad for at det meste av arbeidet skal føregå nattestid, men vil påpeika at dette likevel vil få konsekvensar for trafikkavviklinga på dagtid. Trafikkmengden vil auka på dagtid, og på utsette strekningar er dette lite ynskjeleg.

Transportnæringa køyrer mykje på nattestid for å få varene til kundane fram til avtalt tid. Ein del av denne transporten kan verken forserast eller utsetjast. Me vil be om at det vert lagd til rette for gode ordningar der det kan køyrast kolonner gjennom til regulerte tider for å skapa mest mogleg forutsigbarheit for transportnæringa. Det er viktig å minimera kostandsauka for næringslivet.

Vidare ber stamvegutvalet for E16 at det vert teke nødvendig omsyn til beredskapen som gjeld utrykningskøyretøy; brann og redning, ambulanseteneste.

Med vennlig hilsen

Stamvegutvalget

A handwritten signature in blue ink that reads "Vidar Eltun".

v/ Vidar Eltun

(leiar)